



Notat

Dato: 11.09.2014
Arkivsak: 2014/18785-9
Saksbehandlar: gunaust

Til: Per Nordmark

Frå: Gunnbjørg Austrheim

Fråsegn nyare tids kulturminne- Områdeplan -Våge sentrum - Framlegg til offentleg høyring

Våge er eit område med store verdiar som er best tent med å bli teken vare på ut frå eigne landskapsmessige og kulturhistoriske kvalitetar.

Når det gjeld dei nye tiltaka i områdeplanen meiner vi spesielt at tiltak knytt til eksisterande kulturminne, kyrkjestaden og landskapet knytt til fjorden, er særleg viktig å løyse på ein god måte.

Konflikt med nyare tids kulturminne i planområdet

Planforslaget som er lagt ut på høyring tek ikkje i tilstrekkeleg grad omsyn til kulturminneverdiane på Våge. Vi vurderer at konsekvensutgreiing er noko mangelfull da den ikkje gjer utfylgjande informasjon om tidfesting, tilstand, historikk m.m. om den eldre bygningsmassen i planen.

Slik vi ser det vil byggetiltaka i nærleiken til kyrkja, BSB1 og BFT, føra til at den nye bygningsmassen kan verta skjemmande for Våge sentrum og kyrkjestaden Våge om dei ikkje får ein god utforming og dimensjonering. Våge kyrkje har ei heilt sentral plassering i dette park- og landskapsrommet og bør få stå som eit viktig signalbygg på kyrkjegarden og i tettstaden. Det viktig å halde på heilskapen og siktlinjer og sikre viktige kulturminne.

Vi ber om at BKB 12 som er regulert til omsynsone H570 vert utvida til å omfatte heile det samla gardstunet. Den gamle løa er ein del av det heilskaplege tunet.

For BKB7 vil vi be om at eksisterande byggegrense ikkje vert utvida da dette kan medføre direkte konflikt med eksisterande bygg som er regulert til vern på nabotomta.

Det same gjeld for BKB10, der byggegrensa ikkje må utvidast utover eksisterande byggegrense. Dette området er viktig å halde ope.

Når det gjeld BAA2 meiner vi at tiltaket ved Mandelhuset er viktig å holde fri for ny bygningsmasse. Vi meiner tiltaket kan få negativ verknad på samanhengen i standsona i Våge. Dette gjeld særleg den eldre naustbebyggelsen, som er så karakteristisk for Våge, som direkte vert råka av dette nye tiltaket.

Slik vi ser det, er dette eit samanhengande bygningsmiljø, som er best tent med å bli teke vare slik det ligg i dag. Vi har forståing for at det er ynskje om å fortette i Våge sentrum, men planforslaget må omarbeidast slik at kulturmiljøet blir betre teke vare på.

Innspel til plan og føresegn

Føresegna må utformast slik at dei tek tilstrekkeleg omsyn til kulturminna, kyrkjestaden og kulturlandskapet knytt til fjorden når det gjeld utforming og høgd.

Vi ber om at ein tek dette inn i dei generelle føresegna: Kulturminne og kulturmiljø: *Kulturminne og kulturmiljø er ein del av dei ålmenne interessene i kommunen. Desse skal ivaretakast særskilt. Tiltak som kan ha verknad på eit kulturminne eller omgjevnadene skal ha gode visuelle kvalitetar i seg sjølv og i høve tiltaket sin funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnadene.*

Føresegn om omsynsone:

Omsynsoner er eit viktig verkemiddel som gjer det mogleg å ivareta kulturminne, kulturmiljø og landskap. Medan arealformålet syner framtidig eller noverande bruk av området, syner omsynssoner omsyn og restriksjonar som er avgjerande for bruken av området.

Vi ber om at desse merknadene vert teke med i føresegnene: *Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø, og andre kulturminne (som til dømes sjøbruk) skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar og verte sett i stand, PBL § 11-9 nr 7.*

Vi ber om at det vert knytt følgjande retningsliner til omsynsone c: *Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne i området. Saker som gjeld tiltak i omsynsona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering.*